

Årbok for Karmsund



HAUGESUND MUSEUM

Årshefte 1961-1965

Museums- og historielaget
for Haugesund og bygdene

1966

Slagbenken

Av N. H. Tuastad

Dalen eller Skålaskogsdalen som dei helst seier, er ein avgøymd gard ute ved Hillesvågen i Sveio, mellom Mølstrevåg og Smørsund. Garden ligg ute or allfarveg, og det er visst ikkje ofte ferdafolk har erend der ut. Ein grå regntung haustdag i 1952 var eg der fyrste gongen. Det var Ingjald Gjersvik, Reinhard Huglen og eg. Frå Skålaskog hadde me streva mot ver og vind over den nakne og audslege heida. Så stod me med gardsledet og såg heim i tunet, ein krull av gråe låge hus under ein berghamar. Nokon var av berre gråstein, og dei kom mest burt i regntjukka. På bøen låg småe åkerflekke spreidde utover mellom opne veiter og breide reinar og teigar. Me kjende det som var me komne hundre år til atters i tida. Denne kjensla vart berre endå meir levande etter kvart som me fekk sjå meir både ute og inne.

I det vesle tunet er der stovehus, løa med tømra fjøs som var den gamle røykstova, og dertil 5-6 mindre uthus. Stovehuset som avløyste den gamle røykstova, er yngst, men jamvel det dreg nok sterkt på åra. Det har berre ei stova med trekvite tømmervegger, kjøken av reisverk med gråsteinsgruva og steingolv, eit lite spiskammers og torvsvål under sidtaket eller «sydvestetåka» på baksida. Inni stova med dei fine, brune tømmerveggene finn me ennå bileggjaromnen med St. Mateus-figur og «krokar». Dette siste er ei breid fjøl med innskorne hakk i. Ho står loddbeint oppå omnen og er øvst festa i ein av bjelkane. I «krokane» hengde dei sokkar, vetter og anna som skulle turkast. Mjølkerekka heng og på sin rette plass på veggen mellom stovedøra og glassveggen. Under den står den blåmåla *slagbenken* på den gamle staden sin i kråa inn mot veggen. Nå står han her som minne om ei svunnen tid i den kulturhistoriske råma han høyrer heime i.

Denne var den einaste me visste om på våre kantar då. Svein Steinsnes



*Omnskråa i Dalen. Bileggjar med St. Mateus, Fossum jernverk 1790-åra, «krok-
ar» oppå og trefot under. På omnen ligg
småved til turk. Dragbenken t.h. står på
den vanlege plassen i stova.*

og Holger Askeland hadde vore i Dalen for mange år sidan og sett han. Var han til ennå? gjekk eg og spurde meg sjølv på vegen ut til Dalen den dagen, og det var med spaning me steig inn i stova. Spaninga utløyste seg i den djupe gleda som me som steller med dei gamle tinga kan kjenna ved ei slik oppleving som denne. Benken stod der.

Slagbenken er så visst ikkje noko stasmøbel, berre ein fir-kanta avlang kasse utan låk og med berre ei langsida. Han er spikra ihop av tjukke, grove bord og har ikkje føter. Han står på kant inn mot vegg med langsida opp og botnen ut mot stova. Slik hadde dei han ståande om dagen og nytta han til benk. Om kvelden slo dei han ned, kvelvde han ut på golvet med botnen ned på golvet og langsida vendande ut og den motstående opninga

inn til vegg, og då tente han som sengestad. Sengehalm og sengekledde hadde dei liggjande inni benken når dei slo han opp om morgonen.

Ingen ting i den gamle stova var så vandelaus som slagbenken og så lite for auga. Men kor levande fortel han ikkje soga om andre tider og andre kår i bygdene, om store barneflokkar i tronge stover der alle skulle skaffast sengestad for natta og ein stad å vera om dagen.


Slagbenken frå Skålaskogsdalen, som i 1961 kom hit til museet, er berre 138 cm lang og 46 cm breid. Høgda er 32 cm. Desse måla viser at benken var nytta som sengestad for born.

I distriktet her veit me om berre ein slagbenk utanom denne. Han stod så seint som i 1961 på sin tradisjonelle plass i kråa mellom glas-

veggen og stovedøra i ei gamal stova på Bygnes i Avaldsnes, Karmøy, der eg såg han. Denne benken er lik benken frå Dalen, berre noko lenger, 154 cm, men breidd og høgd er nokolunde det same på begge benkene. Det høyrer med i biletet at det gamle stovehuset på Bygnes er noko nær likt det i Dalen: ei einaste tømra stova med trekvite tømmervegger, kjøken av reisverk med grasteinsgruva turkeomn og hellelagt golv, ein liten reisverks gong ved sida av kjøken, langkammers ved sida av stova og skut i eine enden. I stova er og nokolunde same husbunaden som i stova i Dalen, berre er bileggjaromnen skift ut med ein to-hols kokeomn; men i gruva i kjøken ser me ennå røykholet frå bileggjaren i stova. Den 88 år gamle Peder Pederson Bygnes, som budde i stova og var fødd der, fortalde at dei slo benken ned om kvelden og låg i han, og sengkleda låg inni benken når han om dagen stod oppslegen mot veggen, nett slik som i Dalen.

Slagbenken slik me her har skildra han, er ukjend i bygdene i dag. namnet har halde seg. Men det folk nå kallar slagbenk er i røynda *dragbenken*, sengebenken til å dra ut. Den gamle benken *slo* dei som nemnt opp og ned, og namnet må koma frå dette. På same måten kallar dei klaffebordet slagbord, for dei slo klaffane opp og ned.

Berre nokon få av dei me har spurt kjenner den gamle slagbenken. Mathias E. Vikingstad, Torvastad, f. 1885, fortel at på Vikingstad-



*Slagbenken står oppslegen på sin gamle plass under mjølkerekka i stova i Dalen.
L: 138 cm. Br: 46 cm. H: 32 cm.*

garden var der to slagbenker av det gamle slaget i bruk i to hus, og han har sett dei begge, den eine så seint som i 1905-06. Det var berre kassar utan låk, seier han, slik som dei to me har fortalt om. På den eine var krokar til å festa han til veggen med.


«Me hadde slagbenk heime til eg var 5-6 år», fortel Enok Vestre, Skjold, f. 1882. Han stod i stova attmed glaset og var som ein sildakasse. Der var ein krok av jarn i han og ei hempa på veggen til å festa han med. Me

hadde samstundes ein dragbenk i stova. Slagbenken vart flutt opp på lemen då me fekk ein ny dragbenk i stova».

A. 91- Osmund Osmundsen Sørstokke fortel etter far sin, Anders Osmundsen, f. 1863, at heime hjå foreldra hans hadde dei slagbenk. Det var berre ein kasse utan låk, og dei slo han ned om kvelden og opp om morgonen. Georg Hagland, Haugesund, fødd 1872 på Hagland i Skåre, opplyser at heime hjå dei hadde dei slagbenk i hans barndom. Han var noko anleis enn dei me har høyrte om før. Det var ein benk med armlener og låk men var elles på skap som ein kasse og kunne ikkje dragast ut. Om kvelden slo dei opp låket og feste det med ein krok på veggen og låg i benken. Om dagen var låket nede. Denne benken var så lang at ein vaksen kunne liggja i han.

Frå Høyland på Jæren fortel Berent Skjelbred med Sven Bråsten, Austråt, som heimelsmann: «Hos Enok Auestad stod der en slagbenk ved hver langvegg i stuen. Når barna om morgenen krøb opp av benken, ble den kvelvet mod veggen med sengklærne i. En krog fra veggen holdt benken på plass, og den ble om dagen brukt som sede. Slagbenken stod her til slutten av 1890-årene da sønnen kom hjem fra Amerika og bygged nye hus, og det gamle ble revet».

Olav Gotevik, Ilsvåg i Vikedal, er frå Vik i Sogn. På eit husmannsplass i Vik hadde dei slagbenk i stova. Gotevik såg sjølv slagbenken for tretti år sidan, og han var slik som dei me her har føre oss. Sunnmøre Museum har og ein slagbenk av same slaget. «Den vantar lokk og eine langsida, og var brukt til seng om natta og til å sitja på om dagen. Eg veit ikkje om fleire her på Sunnmøre, men den var vanleg i bruk her to a tre mannsaldrar sidan. Namnet var slagbenk», opplyser styraren ved museet, Hans Ratvik. Både i Rogaland ^{J. H. Aasen} og Sogn og Sunnmøre har me såleis funne denne einfelde kasseforma slagbenken. Det er rimeleg å tru at han har funnest i heile dette stroket Rogaland - Møre og vidare med. Ivar Aasen forklårer ordet slagbenk som «Bænk som kan slåes op eller ned og benyttes til Seng», og det set han som ei ålmen forklåring utan å visa til noko einskildt strok i landet slik han gjer når nemninga er frå ein viss landslut. Truleg kjende han slagbenken av sjølvsyn både frå Sunnmøre og andre stader i landet. I skrivne kjelder er det elles vanskeleg å etterspora slagbenken avdi namnet ålment og er brukt på dragbenken eller uttrekkbenken. I den kulturhistoriske litteraturen er



*Dragbenk frå Hemmingstad, Skåre.
L: 173 cm. Br. 47 cm. samanslegen som
ber. Kring 80 cm. utslegen. Hgsd. Mus.*

meiner at det kjem av det tyske «Schlafbank» eller det hollandske «Slaapbank» (sovebenk).¹

Det beste skrivne kjeldestoffet er registreringar, auksjonar og skifter. Men der er det heller ikkje til vanleg råd å skilja greit kva som er det eine slaget, og kva som er det andre. Noko på veg kan me likevel gjera det. Såleis kan det i den same registreringsforretningen eller på den same auksjonen finnast både slagbenk og dragbenk, og gjerne like etter einannan. Prisane kan og vera ei viktig rettleiing. Er prisen på den førstnemnde monaleg lågare enn på den sistnemnde — og i røynda er det mest alltid slik — då kan me vera tolleg visse på at det er ein ekte gamal slagbenk. Ei slik kritisk gjennomgåing av registrerings- og auksjonsprotokollane for eit einskilt tinglag i Karmsund, Torvastad, frå 1846 og ut i 1880-åra, tyder i minsto på, når me skal vera varsame og ikkje pressa kjeldene meir enn dei rekk, at kring midten av 1800-åra var slagbenken vanleg husabunad i nordre Karmsund. Sjå notatar frå registreringar og auksjonar etter artikkelen s. 93.

Når det gjeld eit større geografisk område har eg berre kunna gjera ei spreidd, sporadisk etterrøkjing av meir tilfeldige buregistreringar, auksjonar og skifteforretningar frå Rogaland og Hordaland i tidsromet frå siste halvta av 1600-åra fram til 1877. Materialet er for tunt til å dra nokon sikker konklusjon av. Det gir likevel ei hytting som eg trur i minsto peikar i rett lei, og det er at slagbenken i første halvta av 1800-åra

¹ På Toten er *løbenk* nytta som namn på uttrekksbenken. Konservator Johs. Sivesind, som fortel dette, trur det kjem av «legebenk». «Slagbenk» seier dei på Toten om ei skuffa på senga, jamnlang med denne. Innslegen gjekk ho inn under senga. Her låg borna, medan sjølve senga var for foreldra.

var vanleg i bygdene her, men at han etter kvart frå midten av hundreåret vart avløyst av dragbenken og ein noko fornæmare «kanopebenk».

Om alder attover i tida kan nemnast at ein slagbenk er registrert i eit skifte i Bjerkreim, Jæren og Dalane skrivardøme, i 1668, takst 1 dalar. I eit skifte på Frønsdal i Ølen i 1733 er taksert ein slagbenk for 1 ort 8 skill. og i eit skifte på Helland, Rennesøy i Ryfylke i 1795 er ein slagbenk taksert til 8 skill. I registreringa etter ei husmannsenkja på Tuastad i Avaldsnes år 1800 er ein slagbenk taksert til 8 skilling, men på auksjonen vart han selt for 6 skilling. Taksten på slagbenken frå 1668 er utenkjeleg høg om me tenkjer på desse vanlege vandelauxe kassabenkene, så dette må vera ein finare og meir verdfull benk. Kanskje er det ein uttrekksbenk me råkar på her så tidleg som kring midt på 1600-talet. ¹ Frønsdalbenken er og komen for høgt opp i takst til å vera eit vandelaust møbel, så me kan slett ikkje vera viss på at den heller var ein vanleg slagbenk, men heller ein uttrekksbenk. Dei andre to kan derimot etter prisane å døma ha vore vanlege slagbenkar.

I skiftet i Bjerkreim møter me eit anna benkenamn. Utanom slagbenken er og registrert ein *kistebenke*. Taksten på den er som på slagbenken, 1 dalar. Kistebenken var, slik han er skildra i den kulturhistoriske litteraturen, ² ein firkanta avlang kasse med fasthengsla låk som ei kista; han kunne ha både rygg og armlener. Harry Fett seier at kistebenken har vore i bruk her i landet i mellomalderen; benken er kjend både frå mellomaldersk kyrkjeinventar og frå profane hus. Den danske kulturhistorikaren Troels Lund meiner at kistebenken har opphavet sitt i dei faste benkene som gjekk langs stoveveggene. I den norske røykstova var det *moldbenkene*, kalla slik avdi dei var fylte med mold.

¹ Marta Hoffmann set denne benken i samanheng med den til vår tid brukte jærske «ognkråbenken, slagbenken, som står i hjørnet ved ovnen» (Jærhuset, By og Bygd II, Norsk Folkemuseums årb. 1944). På spurnad opplyser ho at det er uttrekksbenken ho då har tenkt på. Kasseslagbenken kjenner ho ikkje. Ein liten uttrekksbenk i Høyland bygdemuseum, 120 cm l., kallar Berent Skjelbred for ognkråbenk: «Ognkråbenken er fullstendig lig uttrekksbenken, bare at den er mindre, da det var småbarn som lå i den».

² Om kistebenke sjå t.d. Harry Fett: Bænk og stol i Norge, Hilmar Stigum: Benk i Kulturhist. leksikon fra nord. midd.alder, Johan Hvidtfeldt: Håndbog for danske lokalhistorikere, Troels Lund: Dagl. liv i Norden.



Kistebenk frå mellomalderen, Jondal kyrkja, Hardanger, nå Hist. Museum Bergen, 108 cm. l. Fett: Bænk og stol i Norge.

Både kistebenken og slagbenken kan ha avløyst moldbenken etter kvart som den lauste snikkararbeidde husabunaden tok romet etter den veggfaste innreinaden i stovene. Dette torer ha sett inn i bygdene våre frå tidleg på 1600-talet saman med at folk fekk bileggjaromn, lem og vindaugo i stovene sine. Så lenge den mellomalderske røykstova med dei faste moldbenkene var det vanlege, var det i alle høve ikkje plass for den kasseforma slagbenken som laut stå inn til ein


vegg og helst i ei krå i stova. Den slagbenken Georg Hagland fortel om (s. 88) var vel i røynda ein kistebenk slik me her har skildra han. I det kjeldematerialet eg har hatt for hand, har eg elles berre funne kistebenk nemnt ein gong, det er frå ein auksjon i 1853 på Sørhaug i Skåre, der det var selt ein kistebenk for 10 skilling. Kistebenken tykkjest etter dette kjeldematerialet å døma ikkje å ha vore noko vanlegt møbel her i bygdene.

I Torvastad lensmannsdistrikt er i tida 1846 - 1882 taksert i dødsbuer eller selt på auksjonar 120 benker som i protokollen er kalla «slagbenkar», 52 som er kalla nokon «dragbenk», nokon «trækbenk», 83 som er kalla «kanopébenk» og 14 «sofabenker». Det er berrsynt at nemningane slagbenk, dragbenk, trekkbenk og kanopébenk ikkje er brukt eintydigt for heile dette materialet. Når det gjeld dragbenk og trekkbenk er det greit at det er det same. Kanopébenken er og ein dragbenk, men av noko gjævare slag. «Kallepébenk», sa dei i Torvastad, fortel Mathias Vikingstad. «Dei snakka alltid om kallepébenker når det var finare benker med puta på låket og fine armlener og ryggstød. Benk med trelåk kalla dei aldri kallepébenk, men drabenk». Men dei har nok og nytta nemninga kanopébenk om ein vanleg dragbenk med trelåk. Osmund Osmundsen Sørstokke seier om den dragbenken med trelåk som står i stova hans at det er ein «kanopibenk». «Ole Endreson Risdal,

mobro' 'nas besta, brukte det namnet på han». «Kanopébenk så jeg tidlig nevnt når auksjon bekjentgjordes i Stavanger», skriv Berent Skjeldbred, Høyland, på førespurnad, og vidare: «Etter 1900 kom Sandnesbenken i bruk. Det var en uttreksbenk men litt staseligere arbeidd med dreidde bein av bjørk og armer på endestykkene bøyd oppover og bakover. På låket var trekt med lerrett som var svartmalt og stoppet myrhøy under».

Sandnesbenken var til sals hjå møbelhandlarar i Haugesud så seint som kring 1910; dei kjøpte dei frå Sandnes. Her skal me skyta inn eit lite tidarbilete frå Torvastad på Karmøy frå fyrre hundreåret: To unge skulle gifta seg. Dei rodde til Sandnes og kjøpte møblar: seng, benk og bord, og rodde lukkelege heim att til Karmøy med det. Det var 6-7 norske mil å ro kvar veg. Her skulle me ha kanopébenken i moderne utgåve, slik han heilt til våre dagar har vore i bruk kringom i bygdene, jamvel om namnet kanopébenk nå ikkje er brukt. Sjølve namnet er nok ei forvansking av ordet *kanapé*, den velkjende benken frå 1600- og 1700-åra, på skap som to eller fleire samanbygde lenestolar. Det er fullt forståleg at lensmannen, når han høgtidleg skulle føra «i pennen» til bruk for skrivar og fut dei einfelde bygdemøblane, kunne falla for dette fornæme ordet.

Det er lett å sjå av auksjonsprisane og registreringstakstane at dei har nytta snart det eine, snart det andre namnet på same slags benker. Ei gruppering av heile materialet etter dei nemningane som kvar gong er nytta, gir ei utskiljing som likevel i hovudsaka må vera rett, meddi det kjem fram ei klår «sosial» gradering som samsvarar med det me elles veit eller kan tankja oss. Høgast på rangsstigen kjem sofaen, som er nemnt alt fyrste året, 1846, med ein pris på 5 dalar. Dragbenken og kanopébenken kjem nokonlunde likt i medelpris; dei dyraste i begge gruppene heilt oppe i 2 dalar og dei billegaste nede i 12 skilling.



*Sandnes-benk frå kring 1910.
Privat eiga, Haugesund. L: 180 cm. Br.
60 cm. samanslegen. H. 45 cm.*

Men der det i røynda dreide seg om ein kanopébenk med trekk på låket og fine armlener, stod den sjølv sagt høgare i kurs. «Dei

rekna det for noke te' folk når dei hadde kallepébenk i stovo», seier Mathias Vikingstad. Lengst nede kjem slagbenkene. Rett nok kjem den dyraste i denne gruppa og opp i 2 dalar, det same som dragbenken og kanopébenken, og det er berrsynt at her er det ein slik som er kalla slagbenk, men medelprisen for alle slagbenkene ligg på snaut 10 skilling, og dei billegaste ligg nede på 3-4 skilling, ja, like ned i 1 skilling. Dei tri siste som er nemnde, er selde ved auksjon i 1880-82, den eine for 10 øre, den andre for 15 og den tredje for 40 øre. Her kan det ikkje vera tvil om at det var ekte slagbenker. Når me ser desse prisane er det som me høyrer lensmannen på auksjonen, korleis han retteleg måtte nytta sine gåver som auksjonarius, og einkvan under lått og lögje fekk tilslaget på desse gamle, fatigslege benkene som ingen ville bruka lenger. «Fatigmannsbenk», sa dei i Sogn, fortel Olav Gotevik etter mor si, og Endre Rossebø, Skåre, f. 1874, som minnest slagbenken i bruk, seier at han var rekna for eit ringt lege. «Du var vere' slagbenkjen», sa dei når det var einkvan som hadde gjort eller sagt noko uvyrde, fortalde Endre.

Mathias E. Vikingstad, Torvastad, fortel om dei to slagbenkene han minnest frå heimegarden, Vikingstad, at begge stod i små, gamle stover. Den eine var hjå han «litle-Ommond» som var ungar. Han låg i senga i stova, men systera, ho Maren, låg i slagbenken. Den andre var i Kjørkjereinå, ei strandsitjarstova. Han var trekvit og sandskurt så sandstripene synte tydeleg i tre. Det er nok ingen tvil om kor slagbenken høyrde til på den sosiale rangstigen. At han kom or bruk og gjekk i gløyme har ikkje berre noko med dei skiftande motane å gjera. Det var nok endå meir den økonomiske og sosiale framvoksteren som gjorde det av med slagbenken. Det ser ut til at alt kring midten av fyrre hundreåret har han meir og meir vorte avløyst av dragbenken, og på auksjonane forsvinn han før slutten av hundreåret.

NOTATAR FRÅ REGISTRERINGS- OG AUKSJONS- PROTOKOLLANE I TORVASTAD

Auksjon Kalland, Skåre 1847: 1 kanopébenk 4 ort, 5 skill., 1 slagbenk 8 skill.

Registrering Austerheim, Utsira 1846: 1 dragbenk 1 ort, 12 skill., en slagbenk 6 skill.

Registrering Tømmerdal, Skåre 1847: 1 dragbenk 1 ort, 1 slagbenk 2 skill.

Registrering Nordvik, Utsira 1850: 2 blåmalte kanopébenker a 4 ort 12 skill., 1 slagbenk 16 skill.

Auksjon i Torvastad prestegard 1852 e. sokneprest Kaurin: 2 slagbenker for 18 skill. og 1 gammel slagbenk for 1 skill., alle til pastor Jensen (etterfylgjaren i kallet). Prisane tyder på at det er verkelege slagbenker, då truleg til tenarfolket på garden.

Auksjon Grønhyller, Skåre 1856: 1 trekkbenk 1 spd. 1 ort, 16 skill., 1 slagbenk 1 ort, 2 skill., 1 slagbenk 16 skill.

Auksjon Feøy, Torvastad 1856: 1 liten kanopébenk 3 ort, 13 skill., 1 større do. 1 spd. 1 ort, 7 skill., 1 slagbenk 20 skill., 1 do. 13 skill.

Registrering Austrheim, Skåre 1860: 1 rød udtrekksbenk 1 spd. 1 ort, 1 slagbenk 1 ort.

Registrering Feøy 1867: 1 kanopébenk 1 spd. 2 ort, 1 slagbenk 1 ort 12 skill.

Registrering Hagland, Skåre 1869: 2 kanopébenker 1 spd. 1 ort og 1 spd. 12 skill., 1 slagbenk 12 skill.

Auksjon Skastad, Skåre 1869: 1 trekkbenk 1 spd. 2 sk., 1 slagbenk 17 skill.

Auksjon Litlasund 1875: 1 dragbenk 1 spd. 1 ort 12 skill., 1 slagbenk 12 skill.

Auksjon Rossabø, Skåre 1877: 2 kanopébenker 2 spd. 96 skill. og 1 spd. 96 skill., 1 slagbenk 14 skill.

Auksjon Vikingstad, Torvastad 1872: 1 kanopébenk 2 ort, 1 slagbenk 9 skill. Ved registreringa i dette buet før auksjonen var kanopébenken vurdert for 3 ort og slagbenken for 13 skill. Same året er det halde registrering i eit anna bu på Vikingstad (Ommund Bjørnson Vikingstad), der det er ført opp ein slagbenk for 2 ort 12 skill. og «1 do. malet» 3 ort. I det fyrste tilfelle må det vera ein ekte slagbenk, i det siste kan dei høge takstane tyda på at dei i røynda var dragbenker. (Jfr. det Math. Vikingstad fortel om slagbenker på Vikingstad i teksten s. 87).

Registrering Knarrevik, Torvastad hjå gjestgjevar Anders Knudsen 1847: «En gul egemalet kanopébænk 1 spd. 1 ort, en do. rødmalet 4 ort». Ved ein auksjon som Anders Knudsen heldt i 1850 er selt «1 gulmalet trækbænk» for 1 spd. 2 ort 12 skill. og «1 brunmalet Træk-

bænk» for 1 spd. Dette kan godt vera dei same benkene som ved registreringa styrt og protokollert av kst. lensm. John Bendix Brække, er kalla «kanopébenker», men ved auksjonen som er styrt og protokollført av lensm. Gabriel Aas, er kalla «Trækbænker».

Registrering Skokland, Skåre 1863. Her er oppskreven: «1 Kanopébænk 2 ort». Ved auksjonen i buet same året, der lausøyra er selt i same rekkjefylgja som registreringa, er den same benken kalla «Dragbænk» og selt for 2 ort 16 skill.

Registrering Bø, Torvastad 1863: Her er oppført «1 slagbænk 1 spd.» og to liner lenger nede atter «1 slagbænk 1 spd.». Ved auksjonen over buet same året er begge selde og i auksjonsprotokollen oppskrivne som «Bænk», den eine for 1 spd. 2 skill., den andre for 1 spd. Her må me tru det ikkje var slagbenker, men dragbenker.

Registrering Feøy 1875: 1 gl. slagbenk 4 ort, 1 kanopébænk 1 spd. 2 ort 12 skill. Ved auksjonen same året er begge oppførte som kanopébenker og selde for 2 ort 2 skill. og 1 spd. 1 ort 12 skill.

Auksjon Hauskje, Torvastad 1876: 1 liten dragbenk 1 ort 4 skill., 1 slagbenk 2 spd., 1 do. 1 spd. Her er slagbenkene mange gonger dyrare enn dragbenken, og det kan ikkje vera vanlege slagbenker.